



TILSYNSUTVALET
FOR DOMMARAR

Klage på dommarar



Klageordninga

Tilsynsutvalet er eit disiplinærorgan som handsamar klager på dommarar. Utvalet er oppnemnd av Kongen i statsråd.

Tilsynsutvalet har to representantar for ålmenta, ein advokat, to dommarar frå dei allminnelege domstolane og ein jordskiftedommar. Når Tilsynsutvalet handsamar ei sak som gjeld ein jordskifteoverdommar eller jordskiftedommar, deltek ein dommar frå jordskifterettane i staden for ein dommar frå dei allminnelege domstolane. Jordskiftedommaren deltek ikkje i handsaminga av andre klagesaker. Sekretariatet for utvalet ligg hjå Domstoladministrasjonen i Trondheim.

I tillegg til å handsame innkomne klager, kan tilsynsutvalet ta opp forhold på eige initiativ. Utvalet kan gi generelle fråsegn om kva forhold omgrepet "god dommarskikk" omfattar, og har dermed også karakter av å vere eit etisk råd.

Klagefrist

Klagefristen er som hovudregel tre månader frå det påklaga tilhøvet fann stad, eller frå det tidspunktet klagaren er blitt kjend med eller burde vore kjend med tilhøvet. I alle høve er det ein absolutt klagefrist på eitt år frå det aktuelle tilhøvet fann stad.

Kven kan klage?

Du har rett til å klage viss du som part, advokat eller til dømes vitne

i ei rettssak har blitt direkte råka av dommarens åtferd. Det same gjeld for andre som er råka direkte, til dømes meddommarar eller sakkunnige. Du kan også få ein klage handsama viss du elles kan godtgjere at du har ei særleg interesse i å få ei vurdering av dommaren si åtferd.

Justisdepartementet, Domstoladministrasjonen, domstolleiar og Den Norske Advokatforening har alltid klagerett.


Dersom klagen gjeld tilhøve utanfor tenesta, er det berre Justisdepartementet, Domstoladministrasjonen eller vedkomande domstolleiar som har klagerett. Finn utvalet grunn til det, kan det på førespurnad frå andre likevel avgjere å handsame ein klage.

Kva kan du klage over?

Du kan klage dersom du meiner at ein dommar har handla i strid med god dommarskikk eller elles har forsømt seg med omsyn til pliktene som følgjer av stillinga. Du kan som regel berre klage på tilhøve som er hendt i tenesta.

Du kan ikkje klage fordi du er misnøgd med eller usamd i ei rettsavgjerd, då dette er tilhøve som må fremmast for overordna domstol ved kjæremål eller anke. Utvalet har derfor ikkje høve til å handsame klager som gjeld misnøye med rettsavgjerder, og slike klager vil difor bli avviste.





©HusmoFoto

Kva for dommarar er omfatta av ordninga?

Juridiske dommarar i tingrettane, lagmannsrettane og Høgsterett er omfatta av klageordninga. I tillegg er dommarar i jorskifterettane og jordskifteoverrettane omfatta. Dommarfullmektigar er også omfatta av ordninga, men den gjeld ikkje for til dømes medlemmar (lekkdommarar) eller medlemmer av forliksråda.

Kva skjer vidare?

Sakshandsaminga er skriftleg. Alle partar som saka rårar blir orienterte og det blir gjeve høve til å uttale seg. Når saka er klar for handsaming - etter at alle har fått uttalt seg - skjer dette i møte der alle utvalsmedlemmer er til stades.

Klage blir som regel handsama på grunnlag av skriftlege fråsegn, men partane har rett til å forklare seg munnleg for Tilsynsutvalet dersom ikkje utvalet finn det openbert unødvendig for opplysninga av saka. I særlege tilfelle kan det vere aktuelt å hente inn fråsegn frå andre, avhøyre vitne og så bortetter.

Resultatet av handsaminga

Finn utvalet at dommaren har handla i strid med god dommarskikk, kan utvalet vedta disiplinærtiltak i form av kritikk eller åtvaring. Åtvaring er den strengaste reaksjonen.

Blir klaga ikkje teke til følge, vil utvalet konkludere med at det ikkje er grunnlag for disiplinærtiltak. I visse høve kan utvalet gje fråsegn om kva som i den aktuelle saka blir sett på som god dommarskikk.

Overprøving av vedtak gjort i utvalet

Utvalet sitt vedtak kan ikkje verte påklaga. Dersom du ønskjer ei overprøving, må du gå til ordinært søksmål for tingretten. Søksmålsfristen er to månader.

Publisering

Saker som blir avviste av di dei gjeld misnøye med rettsavgjerder eller av di klagefristen er gått ut blir berre i unntakstilfelle publisert. Dei er som regel offentlege på førespurnad.

Vedtaka fatta i klagesaker som vert handsama av Tilsynsutvalet blir publisert etter kvart som dei ligg føre.

Du finn vedtaka i anonymisert form på www.domstol.no

Regelverket

Reglane som gjeld for Tilsynsutvalet står i domstollova kapittel 12 "Om klage og disiplinærordning for dommere". Forvaltningslova gjeld for sjølve klagehandsaminga, men med visse unntak. Offentleglova gjeld også. Det er til no ikkje gjeve utfyllande forskrifter.



Tilsynsutvalet for dommarar, sekretariatet

Domstoladministrasjonen

7485 Trondheim

Tlf. 73 56 70 00

Faks 73 56 70 01

E-post: *postmottak@domstoladministrasjonen.no*